



Olje- og energidepartementet
P.b. 8148 Dep

0033 OSLO

OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENTET	
10 / 01970 - 143	
DATO 02 FEB. 2011	
AN	EKSP.

Dykkar ref. Arkivsakid-doknr: 11/2-28
Journalpostid: 11/501

Saksh: Anved Johan Tveit
Telefon: 53673502

Arkivkode Dato:
K1-033 31.01.2011

Lov om elsertifikat - uttale frå Eidfjord kommune

Eidfjord kommune har i svært stor grad stilt sine naturressursar til rådvelde for storsamfunnet, ved å leggja til rette for utbygging av rein fornybar energi. Store område er i tillegg verna for ålmanta gjennom nasjonalpark, landskapsverneområde og naturreservat.

Eidfjord kommune er positiv til regjeringa si varsla satsing på fornybar energi. Me er samde med regjeringa i at ei ordning med ein felles svensk-norsk sertifikatmarknad er ein god måte å skapa grunnlag for ei slik satsing. Sjølv om mykje alt er utbygd eller verna i vår kommune, er det framleis eit potensiale for vidare satsing på småkraftverk eller tilleggsutbyggingar til Sima Kraftverk

Med grøne sertifikat vil småkraftnæringa verta meir lønsam, og det er god von om at fleire prosjekt i framtida kan produsera meir rein, fornybar energi.

Lovforslaget som no er ute på høyring gjev kraftverk på under 1 MVA bygde etter 1.januar 2004, rett til elsertifikat. Tilsvarande vil gjelda for større småkraftverk som er bygde etter 7. september 2009. Eidfjord kommune ser ingen god grunn til denne ulike handsaminga, og ber difor om at alle småkraftverk med byggjestart etter 1. januar 2004 må koma inn under den nye sertifikatordninga.

Med venleg helsing
Eidfjord kommune

Johanna M. Hereid
Anved Johan Tveit
ordfører

